



Tre glade vinnarar: Olve S. Tveit, Pål I. Haugland og William Hjørnevåg

SPAR-løpet for ei veke sidan vart ein stor suksess trass i sipande regn. Dette medførte at nokre måtte reise heim før dei fekk sine velfortente premiar, statuettar og medaljar. No ber arrangørane om at desse tar kontakt. Dei dyktige arrangørane ønskjer også å takka støttespelarane og medhjelparane sine i følgjande pressemelding som dei har sendt ut:

Så var terrengløpskarusellen over for i år. Uskedalen Idrettslag fekk æra av å avslutta med Sparløpet, som også var Kvinnherad mesterskap i terrengløp. Vi hadde dessverre ikkje veret med oss denne gangen, men tross regn og surt ver var stemningen god og deltakartalet på heile 134, noke vi må sei oss godt fornøgd med.

Uskedalen har stilt med den største gruppa i karusellen, noke som igjenn viser at Uskedalen er ei bygd med veldig mange aktive.

Uskedalen idrettslag vil med dette takka Spar for det sjenerøse premiedrysset og godt samarbeid, Tysnes Sparebank som støttar karusellen med medaljar og annonser, Kvinnherad vekstbedrift for trykksaker samt alle dei flotte medhjelparane som hjalp til som løypevakter, med premieutdeling og tidtaking osv. På grunn av det dårlige veret valgte forståeleg nok ein del å gå heim før premieutdelinga og har såleis ikkje fått sin vel fortente deltakarmedalje og/eller karusellstatuett. For dei dette gjeld, ber vi dei senda ein e-post til kn-jripe@online.com så ordnar vi det.

Dei som oppnådde tre eller fleire løp, skal ha karusellstatuett. Alle som deltok skal ha deltakarmedalje, med

unntak av dei som fekk 1-2-3 plass, som skal ha gull, sølv og bronse.

Vi nyttar samstundes anledningen til å minna om det famelievennlige Solfjelløpet som går av stabelen 31. mai.

**Ski og friidrettsgruppa
UIL**

Nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel